

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

NR. 4 – DESEMBER 2007

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

s. 2 – Nytt frå Venelaget!

s. 3 – Intervju med medlem: Erica Weeda

s. 7 – Harding Puls markerer Hauge og Tveitt

s. 11 – Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

s. 12 – Styret og adresser



Olav H. Hauge

NYTT FRÅ VENELAGET!

Me nærmar oss slutten på eit rikt år for Venelaget Olav H. Hauge. Og me går nok eit rikt år i møte. 2008 er jubileumsår, og nemda for Poesifestivalen i Ulvik og Hauge-Tveitt jubileet 2008 planlegg fleire arrangement utover heile året. Venelaget vil dela ut Amboltprisen, og deltek elles i planlegginga av ein litterær konferanse i Ulvik i dagane før sjølve Poesifestivalen. Me kjem attende med meir informasjon om denne konferansen, om sjølve festivalen, og dei andre arrangementa, i hefta som kjem på nyåret.

I 2008 planlegg me å senda ut tre hefte: Det fyrste kjem rundt påsketider, og vil mellom anna innehalde informasjon om ulike arrangement i 2008. Det andre nummeret kjem i anledning Hauge sin fødselsdag 18. august 2008, og innhaldet vil verte prega av denne dagen. Det siste nummeret kjem til jul, og vil innehalde reportasjar frå arrangementa som har vore i tillegg til intervju med sentrale aktørar i dei ulike tilstellingane.

I dette nummeret fokuserer vi rikt på Harding Puls, som planlegg fleire Hauge-relaterte arrangement i året som kjem. Vi tek og ein prat med Erica Weeda, Hauge sin nederlandske omsetjar.

Av planlagde arrangement for 2008, ber me om at de allereie no merkar dykk den offisielle starten på Hauge-Tveitt jubileet 2008. Den finn stad i Drammens Teater, torsdag 10. januar, kl. 19.00. Kringkastingsorkesteret spelar musikk av Geirr Tveitt og Liv Bernhoft Osa vil lesa dikt av Hauge. Konserten vert i tillegg å sjå på NRK Fjernsynet, sundag 13. januar.

Hald deg oppdatert på: www.ht08.no og www.venelagethauge.no!

INTERVJU MED MEDLEM: ERICA WEEDA

Erica Weeda kjenner vi som Hauge sin nederlandske omsetjar. Men det kanskje ikkje så mange veit, er at Erica hadde nær og god kontakt med Hauge allereie på 1980-talet. Dei korresponderte flittig i form av brev, og for Erica vart kontakten med Hauge ikkje berre kontakt med ein diktar som stod henne nær – ho fekk og ein kjær ven i Hauge og lærte mykje av han om språk, litteratur og om det å leva i Noreg.

1. Du har arbeid med Hauge sine dikt i mange år. Korleis er det å omsetje Hauge til nederlandsk?

Jeg hadde arbeidet med gjendiktningen i ca. 15 år før jeg ga ut 'Het blauwe land'. I den forbindelsen snakket jeg en del med Olav H. Hauge om valg av dikt og om gjendiktningen. Hauges filosofi var enkel, i grunnen: oversett det du kan oversette, og la være å oversette det som ikke lar seg oversette. Et eksempel: når en skal oversette en sonett, er det mange ting en skal være bevisst på og ta vare på, ved siden av innholdet, sånn som rim og metrum, men helst også klangfarge. Vanskene med å ”bygge” sonetter har jo Hauge selv beskrevet i diktet ”Ein skrøpeleg sonett” fra samlingen *Spør vinden*. Eller et dikt som ”Haust unde Hodn”, som er nærmest fonetisk skrevet på dialekt. Hva gjør en da, når en ikke selv snakker noen form for dialekt? Selv om en som oversetter skjønner innholdet og *kunne* gjengi det på sitt morsmål, så ville gjendiktningen mangle en dimensjon, og bli veldig kunstig, når en skulle bruke nederlandsk riksspråk. Disse diktene valgte jeg altså ikke å oversette. Men det er også helt andre utfordringer en kan støte på i denne gjendiktningprosessen. For eksempel kultur- og ikke minst naturforskjell. Noen fakta:

- Norges høyeste fjell, Galdhøpiggen, måler 2469 meter over havet. Nederlands høyeste ”fjell”, Vaalserberg, måler hele 321 meter, mens en ikke ubetydelig del av Nederland ligger noen meter ”under havet” og er flatt som en pannekake.
- Norge måler drøyt 385.000 kvadratkilometer og har en befolkning på 4.6 millioner mennesker. 6% av arealet er vann. Nederland derimot har et areal på 41.500 kvadratkilometer og har 16.3 millioner innbyggere. 18,4% av arealet er vann.

For ikke å snakke om klimaet, for eksempel snøfall, hvor det er snakk om noen dager med noen få centimeter snø i Nederland per vinter – 20 cm er en nokså ekstrem snødybde nede hos oss.

Slike fakta blir av betydning hvis en lyriker fra Norge dikter om natur og landskap, om hjemmemiljøet, og en ”gjendikter” fra Nederland vil oversette disse diktene. For det er ikke *nok* at jeg, som gjendikter, ofte har vært i Norge og henholdsvis på Vestlandet, og vet hvordan fjord og fjell ser ut – som oversetter har en til oppgave å anskueliggjøre disse for den – i mitt tilfelle – nederlandske leser, som kanskje aldri har vært i Norge. Når vi i Nederland snakker om en elv, så vil det si en bred, nokså fredelig flytende vannmasse, dvs. noe helt annet enn en norsk elv som fosser ned fra en fjellside. De rent ytre forskjellene fører også til særegne ord.

Men visste dere at det ikke finnes noen ord på nederlandsk for norske ord som ”skaret” eller ”føre”, og de ulike typene av fjelltopper? I en prosa-oversettelse ville en kunne omskrive dette, men det er rett og slett ikke ”plass” til det i et dikt.

Heldigvis, hadde jeg nær sagt, skrev Hauge ofte i fri versform, uten rim. Men også i disse tilfellene er det mange ting en skal ta hensyn til som oversetter, for eksempel setningslengde og -rytme, og klangfarge.

Et dikt som handler om noe tungt og mørkt, og som på norsk har mange ”o”, ”å” og ”a”-lyder, skal i oversatt form ikke være preget av mange lyse lyder, som ”e” og ”i” og omvendt. Et ”tre” for eksempel er ”een boom” på nederlandsk, ”lys” på bokmål ligger ganske nær ”licht” på nederlandsk – begge ord har altså en ”lys” klang, men på nynorsk er det jo ”ljos”. Da gjelder det å være kreativ, og erstatte ”licht” med for eksempel ”gloed” (glød) i bestemte sammenhenger.

Nettopp dette er en av de – i min erfaring – mest vesentlige forskjellene mellom å oversette prosa versus poesi – det at man ikke bare må forsøke å formidle innholdet, men også ta hensyn til formen. Hvert dikt er derfor et puslespill med brikker som en noen ganger må ordne om på for å få til å passe.

Det gjelder å ha et stort ordforråd, også i språket en oversetter til, for det er mange ganger en er nødt til å lete etter synonymer, på grunn av ordlengden, trykk, antall stavelser, klangfarge osv. Derfor – synes jeg i alle fall – er det å oversette dikt noe som en trenger tid til.

I mitt tilfelle tok det nesten 15 år før samlingen kom ut – og det er kanskje litt i drøyeste laget, og jeg vil ikke påstå at jeg jobbet med diktene til stadighet – men en av de positive tingene ved å arbeide så lenge med dem, var at jeg ble eldre selv, fikk mer livserfaring og som følge av det oppdaget mer og mer ”betydning” i diktet, flere lag på en måte.

2. Du var og i kontakt med Hauge ved flere høve. Korleis opplevde du denne kontakten?

I 1979 bestemte jeg meg for å studere Nordiske språk og litteratur ved Universitetet i Groningen, med norsk som hovedfag. I 1982 fikk jeg anledning til å studere ved Universitetet i Oslo i et semester gjennom et statsstipend. Gjennom forelesninger av professor Daniel Haakonsson og av Jan Erik Vold, ble jeg kjent med Olav H. Hauges lyrikk, i første omgang med de korte ”tingdiktene”, som Sagi, Sleggja, Ljåen osv. Noe i diktene tiltalte meg, en norgesfrelst tjuen-åring, og på den tiden var det kanskje mest naturskildringene og bildene fra hverdagslivet i Vest-Norge som jeg kunne danne meg et eget bilde av på grunn av de mange ukers feriene jeg hadde hatt her i landet. Riktignok var det et nokså romantisk bilde, men det kommer jeg tilbake til senere.

Som hobby skrev jeg litt poesi selv og jeg begynte med å oversette Hauges dikt, og det ble en livlig korrespondanse, også om det, med Olav H. Hauge. Dette førte til at jeg i 1989 reiste til Ulvik for å besøke Olav og Bodil. (Naturlig nok satt katten i tunet, da jeg kom ... Og før jeg torde å banke på, snakket jeg litt med den ...)

Det ble noen hyggelige dager i Ulvik, men ærlig talt følte jeg meg utrolig liten og uvitende overfor denne mannen, som ikke bare hadde lest så uendelig mye mer enn jeg, men også på en måte hadde “fordøyet” alt han hadde lest, dannet sin egen mening om ting. Senere lærte jeg at dette kanskje også hadde noe med aldersforskjellen å gjøre, for det har jo noe å si om en er 27 eller 80 år gammel.

3. Korleis vart omdiktingane mottekne i Nederland og kva gjorde Hauge si dikting med lesarane der?

For å være ærlig, så ble jeg overrasket over responsen. Jeg vet at diktene blir brukt i mange ulike sammenhenger, som f.eks. seminarer, foredrag og begravelser, og selv leste jeg noen av diktene som del av en vinterkonsertserie. Ellers vet jeg om minst to personer som gjennom diktene ble inspirert til å skrive dikt selv. Og det er to malere som jeg vet har blitt inspirert av Hauge.

Under Poesifestivalen i 2006 viste jeg noen bilder av maleriene som ble laget av maleren Henk Stemerdink, som etter fem års ”painters block” og mangel på tema leste *Het blauwe land* og gjenfant inspirasjonen gjennom diktene. Til nå har han laget mer enn 20

Hauge-inspirerte bilder, og i øyeblikket har han en utstilling her i Nederland med kun Hauge-malerier.

Og jeg tror at de førnevnte reaksjonene som diktene utløser, ikke så mye er bestemt av at jeg, som oversetter, har gjort en bra jobb – til tross for motsetningene i kultur og natur som jeg antydte før. Det er snarere temavalget, emnene fra nærmiljøet, bildene fra hverdagen, det allmenn-menneskelige som diktene er et uttrykk for, som tiltaler mennesker, ikke bare her, i Norge, men overalt i verden, til tross for at deres ytre vilkår og omgivelser kanskje er annerledes en Hauges.

4. Hauge har etterkvart vorte omsett til mange språk. Har du studert desse omsetjingane i samband med ditt eige omsetjararbeid?

Ja, Olav H. Hauge sendte meg flere samlinger med diktene hans i tysk og engelsk gjendiktning, og de var fine å ha for å sammenligne og sjekke om jeg hadde forstått bestemte ord riktig.

5. Finst det og ein tradisjon i Nederland med venelag for diktarar?

Så vidt jeg vet er det få eller ingen foreninger i Nederland som kan sammenlignes med Venelaget. Det er i det hele tatt ikke mye interesse for poesi/lyrikk her nede. Det var også derfor jeg ga ut diktsamlingen gjennom mitt eget forlag.

6. Har du arbeidd med andre norske diktarar eller forfattarar i det siste?

Jeg har planer om å gi ut en antologi med moderne norsk lyrikk en gang, men foreløpig er det ikke mer enn planer. Gang på gang dukker spørsmålet opp om det er det 'liv etter Hauge' – jeg arbeidet jo så intensivt med diktene i mange år, og fikk et så personlig forhold til dem, at det er vanskelig å finne et nytt prosjekt som er like givende.

I mellomtiden har jeg oversatt flere svenske og danske romaner til nederlandsk, på oppdrag fra nederlandske forlag, ved siden av de vanlige oversettelsesoppdragene jeg jobber med til daglig.

HARDING PULS MARKERER HAUGE

Harding Puls er eit tverrfagleg forum for kunstnarar frå – og med tilknytning til – Hardanger. Solfrid Aksnes i Nordheimsund er styreleiar og dagleg ansvarleg.

1. Kva tid vart Harding Puls stifta, og kva tankar låg bak etableringa av forumet?

Harding Puls vart stifta i 1993. Tanken var at kunstnarane i og frå Hardanger skulle verta kjende med kvarandre. Mange følte dei sat på kvart sitt nes utan naturlege møtepunkt med dei andre kunstnarane i regionen. Dette gjaldt kanskje fyrst og fremst dei skapande kunstnarane. Dei utøvande er meir på farten ute i felten og møter kvarandre i jobsamanheng.

Når me fyrst skulle danna eit forum og eit nettverk var det likevel nærliggjande å tenkje at me også ville bli kjende med kvarandre på tvers av faggrensene. Det var ikkje ein koseklubb som sto øvst på ynskjelista til kunstnarane, men eit forum som kunne vera med å styrkja vår identitet som kunstnarar. Mange kreative og idèrike sjeler bobla over av idear. Gjennom forumet såg me at me kunne dra ilag og få gjennomført interessante kunst- og kulturprosjekt.

Personleg trur eg at satsinga på profesjonelle fellesprosjekt gjer at Harding Puls framleis er i utvikling og er eit oppegåande organ for kunstnarane i Hardanger. Fellesprosjekta er med å auka kunstnarane sin kompetanse og det er stadig nye mål å jobbe mot for dei som ynskjer å delta i dei ulike prosjekta. Gjennom ei felles marknadsføring vert me også meir synlege.

Me er framleis ei unik kunstnarsamanslutning i norsk samanheng. Me kjenner ikkje til andre regionale og samtidig tverrfaglege organisasjonar.

2. De representerar eit breitt lag av kunst- og yringsformer. Finst det ein felles tankegang bak tiltaket og mellom dei ulike representantane?

Den store breidda i kunst- og yringsformer ser me på som styrken i forumet, og det er viktig for oss å vera opne for nye uttrykksformer. Det er inspirerande når unge og nye kunstnarar med sine uttrykksformer ynskjer å vera medlemmer i Harding Puls. Fellesskapen for medlemene i forumet ligg i deira tilhøyre til Hardanger, enten at dei bur her eller er oppvaksne i regionen. Kravet er også at dei utøver faget sitt på eit profesjonelt nivå.

Den mest aktive kjerna i forumet er naturlegvis dei som bur i Hardanger. Mange av dei utflytta hardangerkunstnarane set stor pris på å ha denne kontaktflata i heimeregionen, og dei bidreg på ulikt vis.

3. Harding Puls ser og ut til å ha eit ynskje om å kombinera ulike uttrykksformer. Er dette tufta på ein særskilt ideologi eller eit handfast kultursyn?

Å kombinera ulike uttrykksformer er noko som ligg i tida. Harding Puls var opptatt av denne moglegheita allereie ved etableringa. Det låg i korta då me ynskte at kunstnarane skulle bli kjende med kvarandre i eit felles forum på tvers av faggrensene. Det handla nok meir om eit grunnleggjande ynskje om kunstnarleg utvikling, enn ein bestemt ideologi eller kultursyn.

4. Er det noko sermerkt ved ytringar frå Hardanger de i Harding Puls vil synleggjera? Skil desse seg frå andre "regionale" ytringar?

Generelt vil ikkje Harding Puls leggje føringar på at kunstnarane skal synleggjere sermerkte ytringar frå Hardanger. Det vil stri imot kunstnarane sine frie tøyalar til val av tema. Nokre av kunstnarane kan me sjå tek tydeleg utgangspunkt i arven og sermerkte tradisjonar i regionen, for andre igjen er ikkje det naturleg. Kunstnarane i Harding Puls er fyrst og fremst samtidskunstnarar, og det er viktig for hardangerkunstnarane å vera ein del av både den globale og den lokale kunstverda. I enkelte prosjekt kan me likevel som forum bestemme oss for å synleggjere sermerke trekk ved Hardanger, til dømes i prosjektet "Kunsten og båten" i samarbeid med Hardanger Fartøyvernssenter i 2005—06. Her sette me fokus på båten som eit viktig element både på den tradisjonelt handverksmessig sida som har stått sterkt i regionen og i kommunikasjonen mellom menneska i fjorden. Me sette også fokus på båten sin rolle i kunsten gjennom tidene.

Hauge-Tveitt prosjektet vårt er og eit prosjekt der me vil synleggjere kunstytringar frå to som har stor verdi for Hardanger og resten verda. I slike prosjekt vert kunstnarane, som er interessert i temaet, invitert til å jobbe mot ei visning eller ulike framføringar.

5. Korleis kan kultur- og næringskreftene i Hardanger samarbeida i større grad? Er det eit mål i seg sjølv å ha eit slikt samarbeid?

Dette er eit omfattande spørsmål. Umiddelbart tenkjer eg at partane fyrst og fremst må bli betre kjent med kvarandre og bli klar over kva nytte dei kan ha av kvarandre. Ein gjensidig respekt og ynskje om samarbeid må i so fall vera fyrste målet. Ein må og finne ut om kulturlivet vinn på det økonomisk, på ein måte som er verdtt arbeidet. I Hardanger er det dessverre ikkje mange av dei store tunge bedriftene. So her må ein kanskje tenkja å samarbeide med grupper av mindre bedrifter.

6. De legg opp til ei heil rekkje større prosjekt og markeringar i 2008. Korleis går det med arbeidet?

Biletkunstnarane og kunsthandverkarane i kunstnarforumet Harding Puls er utfordra av Hauge-Tveitt jubileet 2008 til å la seg inspirere av Hauge og/eller Tveitt sine verk. 15 – 16 kunstnarar har tatt utfordringa. Dei er i full gang med å jobbe mot dei 2 utstillingane me planlegg. Muskarane er også i gang med sin konsertplanar.

Den største utstillinga med 10-11 kunstnarar er planlagt som ei vandreutstilling i Hardanger med start i Agatunet 10. mai, og skal stå der til 17. august før den vert sendt vidare til Eidfjord, Ulvik, Odda og Kvam.

Den andre utstillinga, med 5-6 kunstnarar, skal visast i Trygve Lie Gallery i Den Norske Sjømannskyrkja i New York frå 15. mai til september.

Dei to parallelle utstillingane, vert planlagt som to ulike prosjekt. På publikumssida håpar me derimot å visa samanhengen mellom dei, gjennom ein felles katalog.

På konsertsida kan me visa til fylgjande i planar i New York som er klare:

Konsert og bestillingsverk, mai 2008

”Det norske og New York”

Den unge norske mezzosopranen Kristin Mulders (www.mulders.no, frå Norheimsund) har både studert og jobba ein god del i USA. No har ho, i samarbeid med Harding Puls, bede den New York-baserte finsk/amerikanske komponisten Mika Pohjola om å tonesetja eit utval av Olav H. Hauge sine dikt. Musikken vert komponert for Kristin si stemme. Pohjola har frå før tonesett verk av til dømes Tove Jansson og Toivo Kärki, og har produsert 15 album med eige materiale og arrangement, saman med kritikarrote band og songarar frå heile verda. (www.mikapohjola.com, her kan ein til dømes lesa kritikkar frå store aviser i og utanfor USA) Det er første gong Pohjola toneset norske dikt. Dette vert i fleire aspekt eit spanande møte

mellom kunstnarar frå Hardanger og New York. Prosjektet er godkjent av dei som sit med rettane til Hauge sine dikt.

Andre avdeling av konserten vert tileigna Geirr Tveitt sin musikk, framført av Kristin Mulders og den unge norske pianisten Torgeir Kinne Solsvik. Torgeir er oppvaksen eit steinkast frå Geirr Tveitt sin heim i Norheimsund, og har si utdanning frå Griegakademiet i Bergen og Musikkonservatoriet i Sydney, Australia. Han har vist stor interesse for Geirr Tveitt sin musikk, og har dei siste åra spelt inn og framført store deler av repertoaret.

Program i Hardanger

Opningsdagen på Agatunet vil bli markert med ein times Hauge-program, av skodespelaren Arnhild Litlerè og musikanane Arild B. Nielsen og Sigmund Vik.

Me har fått signaler om å få både Hauge-programmet og utstillinga inn i programheftet til Hardanger Musikkfest. Kravet er at me sjølve står ansvarleg for arrangement og økonomi.

Me planlegg ulike opningsprogram i høve opninga dei andre stadane i Hardanger. Med inspirasjonskjelda Hauge og Tveitt er det naturleg at nokre av deira verk vert framført på kvar stad, og av ulike kunstnarar. Framføringa og utstillinga vil soleis utfylla kvarandre og til saman vil det gje publikum ei brei oppleving på opningsdagane.

Ein av Harding Puls sine kunstnarar driv fortelje-teater for born og er mykje nytta i Den Kulturelle Skulesekken. Ho planlegg ei førestiling for born med Hauge si dikting som skal fylgje utstillinga. Det heile vil vera bunden saman med små musikalske døme frå Geirr Tveitt sin produksjon. Me vil på den måten kunne tilby formidling av utstillinga saman med ei "levande" førestilling.

Me håpar at me på vår måte kan bidra til ei auka kjennskap til Olav H. Hauge og Geirr Tveitt i 2008.

Harding Puls har fått lovnad på god økonomisk støtte frå Hauge-Tveitt jubileet 2008. For å fullfinansiera prosjekta har me søknader inne både "her og der", men reknar med å jobbe vidare med den saka etter nyttår for å kome i hamn med økonomien.

VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for eit år.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Poesidagane i Ulvik", annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbol. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.
8. Omframnt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframnt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdjar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet, laurdag 16. september 2006, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Øystein Hide, Bergen
- Nesteleiar: Ågot Gammersvik, Lillehammer
- Styremedlem: Brit Valland, Voss
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
(Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
- Styremedlem: Elin Rondestveit, Ulvik
(Venelaget sin representant i Olav H. Hauge stiftinga)

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: styret@venelagethauge.no
Adresse: Venelaget Olav H. Hauge,
v/Øystein Hide,
Løvstakklia 16, 5055 Bergen
Telefon og SMS: 98831401